

Bergen, 12.03.26

Til Plan- og bygningsetaten, Bergen kommune

Sak: ULOV-2024/12956 – gnr./bnr. 179/3, Falkangervegen 235

Vi viser til e-post frå sakshandsamar Marie Hesjedal datert 28.01.2026, som svar på Naturvernforbundet Hordaland sin førespurnad av 29. september 2025.

Svaret frå PBE gir etter vårt syn ikkje svar på fleire av dei sentrale spørsmåla me stilte. Vi ber difor om ei nærare utgreiing av følgjande forhold.

1. Oppfølging av pålegg om fjerning

PBE ga i vedtak datert 28.05.2025 pålegg om retting med følgande formulering:

«Vi pålegger dere at fyllingen må fjernes. Fristen for retting settes til 1. september 2025.»

Ved seinare synfaringar og dokumentasjon framstår det som om massane ikkje er fjerna, men i staden er flytta og spreidd utover eit større areal og delvis dekkja til med jord.

Vi ber difor PBE klargjera:

- Korleis eit pålegg om **fjerning av fylling** kan sjåast oppfylt når massane fortsatt ligg på egendomen, berre flytta og spreidd utover eit større område.
- Kva slags konkret vurdering PBE har gjort av dette opp mot sitt eige vedtak.

2. Søknadsplikt for inngrep på dyrka mark

Det aktuelle arealet er i NIBIO sitt gardskart registrert som **innmarksbeite**.

Etter vår forståing gjeld følgande regelverk:

- **Alle terrenginngrep på jordbruksareal er søknadspliktige.**
- **Bakkeplanering** skal vurderast både etter plan- og bygningslova og etter **forurensningsforskrifta kapittel 4**.
- Tilførsel av **eksterne masser** krev søknad og godkjenning.



- I kommuneplanen sine reglar (KPA 2018) kan planering på inntil 10 dekar i visse høve gjennomførast utan reguleringsplan, men **det krevst framleis søknad og handsaming**, og saka skal sendast på høyring.

Vi ber difor PBE opplyse:

- Om det er **søkt om** eller **gitt løyve til terrenginngrep/bakkeplanering** på dette arealet.
- Om det er **dokumentert opphav til massane**, og om dei oppfyller krava til reine naturlege massar.
- Om PBE har vurdert tiltaket opp mot **plankravet i plan- og bygningslova**.

3. Midlertidig eller varig omdisponering etter jordlova

Massane vart etter det me kjenner til lagt på arealet allereie i 2019 og vart liggande der for ettertida.

Dersom jordbruksareal vert teken i bruk til masselagring, krevst dette etter vår forståing **løyve til midlertidig eller varig omdisponering etter jordlova § 9**.

Vi ber difor om svar på:

- Om det er **søkt om** eller **gitt løyve til midlertidig omdisponering** av arealet.
- Om saka har vore handsama av **kommunal landbruksmyndigheit**.

4. Nydyrking og endring av arealklasse

Dersom tiltaket inneber forbetring av arealet frå innmarksbeite til overflatedyrka eller fulldyrka jord, vil dette etter vår forståing falle inn under **nydyrkingsforskrifta**, som krev plan og godkjenning frå landbruksmyndigheitene.

Vi ber derfor om opplysningar om:

- Det er **søkt om** eller **gitt løyve til nydyrking** etter nydyrkingsforskrifta.
- Kva for ein **arealklasse arealet er registrert i no**, etter at massane er lagt ut.

5. PBE sitt ansvarsområde

I e-posten av 28.01.2026 skriv PBE at de «kun kan svare for de forhold som gjelder plan- og bygningsloven».

Samtidig er det vår forståing at ansvaret for **skogsbilvegar og tilknytte tiltak** er flytta frå landbruksavdelinga til PBE. Dei massane som er aktuelle her er etter det som er opplyst **overskuddsmasser frå skogsbilveganlegget Veten rundt**. I tillegg er dei dumpa langs ein veg som er omsøkt og godkjend som skogsbilveg.

På denne bakgrunn meiner me at spørsmåla me stilte 29. september 2025 var stilt til riktig instans i kommunen.

Dersom PBE meiner at delar av spørsmåla ligger utanfor dykkar ansvarsområde, ber vi om at dykk:

- presiserer **kva spørsmål dette gjeld**, og
- **sender saka til riktig avdeling eller organ** i kommunen.

6. Dokumentasjon i saka

Vi ber óg om innsyn i:

- vedtaket om **nytt pålegg datert 9. januar 2026**,
- eventuelle **vedtak eller uttaler frå kommunen si landbruksmyndigheit**,
- eventuelle **søknader og godkjenningar** knytta til terrenginngrep, planering, omdisponering eller nydyrking på eigedomen.

Avslutning

Saken reiser etter vårt syn spørsmål både etter plan- og bygningslova og etter sektorregelverk som jordlova og nydyrkingsforskrifta. For å klare opp i saken er det naudsynt å få ein samla utgreiing for kva tillatingar som eventuelt finst.

Vi ber difor om eit meir fullstendig svar på spørsmåla overMed venleg helsing



Pål Fidjestøl

Fylkessekretær, Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Spangelo

Styremedlem, Naturvernforbundet Bergen